



SOLUND KOMMUNE

Rutine ved Praktisk Bistand (Heimehjelp)

Fagområde	Helse – og omsorg	Dato	Revidert
		11.04.2013	08.09.15
Utarbeidd av Reidun Vagstad	Revidert av Line Tordal Førde	Godkjent av Helse – og omsorgsleiar	

Målsetjing

Yte hjelp til innbyggjarar i Solund Kommune som treng ekstern hjelp for å kunne fortsette å bu i eigen heim.

Tenester

Heimehjelpene kan yte bistand på følgjande område (som dagleg er i bruk i heimen til søkjar) etter søknad:

Golvvask	Vask av vindaug v/behov	Klesvask / Stryking	Anna matlaging; t.d.frukost
Støvsuging / Støvtørking	Oppvask	Skifte sengeklede v/behov	
Vask av bad / WC	Vask av kjøkkenskap v/behov	Vask av kjøleskap v/behov	Set kryss ved det du ynskjer å søkje på.

Søknad og evt. tildeling

Dette skjemaet skal følgje standard søknadsskjema for tenester innan Helse- og omsorg i Solund Kommune. Inntaksnemnda behandlar alle søknadar som kjem inn til Helse – og omsorgstenesta i Solund Kommune. Denne nemnda består av Avdelingssjukepleiar i Heimetenesta, Avdelingssjukepleiar på Solundheimen, Helse- og omsorgsleiar, Kommunelege og sakshandsamar for Inntaksnemnda.

Vedtak

Inntaksnemnda vedtek nøyaktig timetal per veke /per måned. Dette får søkjar skriftleg i etterkant av Inntaksmøtet. Dersom søkjar er ueinig i tildeling (vedtaket), kan sakshandsamar vere behjelpeleg med ei evt.klage. Dette vert då vurdert på nytt av Inntaksnemnda. Vedtaket kan og endrast dersom helsetilstanden til søkjar tilseier det – gjennom ei ny vurdering i Inntaksnemnda.

Fast månadsbetaling/abonnement – gjeld f.o.m.7 timar per måned

Dersom ein har avtale om fast månadsbetaling, vil det faste beløpet ha forfall sjølv om ein vel å vere bortreist eller om heimehjelpa skulle melde forfall og Heimetenestene på grunn av kort tidsfrist eller andre tungtvegande grunnar ikkje klarar å skaffe vikar til alle timane.

Timebetaling – gjeld 1- 6 timar per måned

Her betalar ein per utført time – og i den grad det er naudsynt og gjennomførleg, vil heimehjelpa ta igjen dei timane ein har mist seinare.



SOLUND KOMMUNE

Rutine ved Praktisk Bistand (Heimehjelp)

Formidling

Vedtaket skal formidlast likelydande til mottakar og til den som skal utføre tenestene, skriftleg og samstundes.

Usemje / tvistemål

Heimehjelpa er pålagt å ikkje ta stilling til evt. usemje. Om desse oppstår, skal desse rapporterast til næraste overordna og løysast mellom desse partar.

Fråvær – Brukar

Dersom brukar er vekkrest på avtaletidspunktet, pliktar vedkommande å gje beskjed både til den som utfører heimehjelpsarbeidet og til avdelingsleiar på tlf.57786285, seinast dagen i førevegen eller på fredag før helg om tenesta skulle vore utført på ein måndag.

Sjukefråvær / vær-forhindra fråvær – Heimehjelp

Dersom heimehjelpa er sjuk eller hindra av vær, eller av andre årsakar ikkje kan utføre oppdraget etter avtale, pliktar vedkommande å gje beskjed både til brukar og til avdelingsleiar seinast same dag.